



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

Vedlegg	1	av:	1
Sak:	02/2351-154		

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 029/03	Formannskapet	12.03.2003
FO 034/03	Formannskapet	26.03.2003

Ref: 2002001555 -3 Ark. S00 -  
Sakshandsamar: Harald Risnes

## Endringer i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova - Heimfallsreglane - Høyring.

### Presentasjon:

Olje- og energidepartementet har sendt ut høyringssak med forslag til endringer i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova. Endringsforslaga omfatta mellom anna reglane om tidsavgrensing av konsesjonar og heimfall, forkjøpsrett og fortrinnsrett for høvesvis staten, fylkeskommunar og kommunar, og reglane om minstegrense for konsesjonsplikt. Høyringsfristen er sett til 31. mars 2003.

### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Industrikonsesjonslova.
- Vassdragsreguleringslova.

### Aktuelt sakstfang:

#### Vedlagt saka:

- Samandrag av høyringsnotatet.
- Brev frå KS av 05.12.02 vedk. forslaget til endring av reglane om heimfall.
- Diverse kommentarar til forslaget.

#### Ikkje vedlagt:

- Høyringsnotatet.

### Saksopplysningar:

Hausten 2001 oppretta Regjeringa ei interdepartemental arbeidsgruppe som skulle vurdere heimfallsordninga i høve til verknader på ressursbruken og konkuransen i kraftsektoren, langsiktig nasjonal handlefridom og omsynet til offentlege inntekter. Føremålet var å gje grunnlag for å vurdere konsekvensar av å harmonisere konsesjonsreglane mellom offentlege og private aktørar, og gje beslutningsgrunnlag med omsyn til korleis ei eventuell harmonisering bør gjennomførast.

EFTA sitt overvåkingsorgan har gjeve merknader om at dei gjeldande konsesjonsreglane med ulike reglar om konsesjonstid og heimfall for offentlege og private kjøparar er i strid med EØS-avtala. Det blir hevda at det norske regeleverket ikkje er eigarnøytralt og at foretak frå andre EØS-atar ikkje kan delta i denne sektoren på lik linje med offentlege norske foretak. Norge sit standpunkt er at konsesjonsreglane er eit ledd i ressursforvaltninga som fell utanfor EØS-avtale sitt virkeområde.

Arbeidsgruppa si vurdering er summert opp i høyringssaka som er sendt ut 29.11.02. Gruppa gjer framlegg om å innføre heimfall av alle offentleg eigde vannfall om 75 år rekna frå og med iverksetting av lovendringa. Heimfall innebær at staten overtek vasskraftanlegg vederlagsfritt når konsesjonsperioden går ut. Framlegget om heimfall og heimfallsrelaterte reglar betyr innføring av vilkår om heimfall av alle vannfall og produksjons- og reguleringsanlegg som er kjøpt/eigd av offentlege selskap om 75 år rekna frå lovendringa vert gjennomført. Heimfall tyder overføring til staten utan vederlag. Departementet meiner denne endringa kan skje utan at det oppstår plikt til å yte erstatning til dei offentlege eigarane, private eigarar i det same selskapet (med inntil 1/3 av aksjekapitalen) tilkjem imidlertid erstatning. Vidare vert det føreslege å endre andre reglar som relaterer seg til situasjonen i det heimfallstidspunktet nærmar seg. I tillegg vert det føreslege endringar i einskilde andre reglar som ikkje har betydning for heimfallsinstituttet.

Lovforslaget innebær også endringar i konsesjonsgrensa frå 1000 til 4000 naturhestekrefter eller om lag 5 MW. Desse små kreftverka får ikkje vilkår om konsesjonsavgift, konsesjonskraft og heimfall. Spesielt vanskelege saker kan likevel få konsesjonsplikt.

I lovforslaget vert reglane om forkjøps- og fortrinnsrett for høvesvis staten, fylkeskommunar og kommunar tilrådd oppheva. Lovforslaget inneheld også endringar i konsesjonskraftreglane.

#### **Vurdering:**

Vasskrafta si betydning for Norge er unik i internasjonal samanheng. Heimfallsretten vart første gang innført i 1909. Bakgrunnen for noverande vassdragsreguleringslov frå 1917, var å hindre storkapitalen frå utlandet i å ta over kontrollen med den norske vasskrafta.

Norsk energiforsyning har stort innslag av offentleg eigarskap. Konsesjonsvilkåra har vore praktisert slik at det kun er private aktørar som er blitt underlagt tidsbegrensa konsesjonar med vilkår om heimfall - 60 år. Anlegg som i hovudsak vert nytta til allmenn kraftforsyning og som har minst 2/3 av aksjekapitalen som offentleg eigarskap, kan etter gjeldande regelverk ha konsesjonar på ubestemt tid og vert såleis ikkje pålagde heimfall til staten.

Fram til ny energilov vart sett i verk i 1991 var offentlege aktørar pålagt oppgåva på vegne av staten som innebar plikt til forsyning av kraft til industrien og hushaldningane. Energilova oppheva oppdeckingsplikta som dei offentlege aktørane var pålagt, og offentlege og private kraftprodusentar driv no etter dei same prinsipp.

Med den situasjonen ein i dag har på kraftmarknaden kan ein spørje seg om det var rett å oppheve oppdeckingsplikta slik det vart gjort ved Energilova av 1991. Med bakgrunn i dette bør ein tenkje seg nøye om før ein innfører heimfall også for kraftverk eigd av fylkeskommunar og kommunar. I alle høve kan ein ikkje vere samd i utforminga av dei nye reglane.

Forslaget slik det ligg føre vil for mange bli oppfatta som eit salspress då vannfallet med anlegg vil falle i verdi til nærmare ein kjem heimfallstidspunktet. Difor er det heilt nødvendig at det blir utforma eit alternativ der kommunale og fylkeskommunale eigarar som framleis ønskjer å vere eigarar ikkje blir pålagt vilkår om heimfall så lenge selskapet blir i dreia sine hender.

Som nemnt er Norge under press for å endre reglane slik at utlendingar og private vert likestilte. Endringsforslaga frå departementet omfattar imidlertid også reglar der Norge ikkje er under press.

Kommunenes Sentralforbund har i sine merknader til forslaget skissert eit alternativ, transaksjonsmodellen. Denne modellen innebær at alle framtidige kjøparar, offentlege som private, vert underlagt vilkår om heimfall om 75 år rekna frå tidspunktet for kjøp av anlegget. Dersom kommunale- eller fylkeskommunale eigarar framleis ønskjer å vere eigarar, vil selskapet ikkje kome inn under heimfall. Heimfallet vert såleis først løyst ut ved sal.

Så langt rådmannen har hatt høve til å studere forslaga som ligg føre sluttar ein seg til KS sine merknader. På mange måtar verkar forslaga til endringar i lovverket som ei stor statleg konfiskering av eigedom, og kan føre til at interessa for nye samfunnsnyttige utbyggingar og fornying/oppdatering av eksisterande anlegg blir redusert.

Styret for Stryn Energi AS har hatt saka til handsaming i møte 24.02.03. Det vert vist til fråsegna frå styret.

I samband med høyringa som no er i gang er det kome krav om at det vert oppnemnt eit brett samansett utval som skal greie ut korleis heimfallsinstituttet bør utformast for framtida. På bakgrunn av dette har olje- og energiministeren bestemt seg for å oppnemne eit slik utval. Ein må gå ut frå at dette utvalet mellom anna må få eit mandat som vil omfatte alle dei forhold som er omhandla i høyringssaka.

### **Handsaming i Formannskapet 12.03.2003.**

Vedtak i styret i Stryn Energi 24.02.03 vart delt ut.

#### **FO-029/03 Vedtak:**

Saka vert utsett til neste møte.

### **Handsaming i formannskapet 26.03.03.**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Stryn formannskap går mot ei endring av industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova slik høyringsnotatet frå Olje- og energidepartementet legg opp til. Formannskapet grunnjev dette med dei store negative konsekvensane dei skisserte endringane vil kunne få for norsk energipolitikk og eigarskap og dermed redusert styring av vår unike nasjonale resurs.

På mange måtar verkar forslaga til endringar i lovverket som ei stor statleg konfiskering av eigedom, og kan føre til at interessa for nye samfunnsnyttige utbyggingar og fornying/oppdatering av eksisterande anlegg blir redusert.

Stryn formannskap vil tilrå at Kommunenes Sentralforbund sitt forslag om ein transaksjonsmodell vert lagt til grunn for det endelege lovforslaget.

Stryn formannskap sluttar seg elles til fråsegna gjeven av Stryn Energi AS 24.02.03.

### **Handsaming i Formannskapet 26.03.2003.**

#### **FO-034/03 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

---

**Sign.**



Harald Rishes

- sekr. -

#### **Utskrift sendt til:**

Olje- og energidepartementet  
KS, postb. 1376 Vika, 0114 Oslo  
KS, Sogn og Fjordane, Førde